

Thea Hjelmeland  
Conrad Mohrs Veg 34  
5072 Bergen  
org.nr 893108122  
+ 47 48032732  
[theahjelmeland@gmail.com](mailto:theahjelmeland@gmail.com)

**Hordaland Fylkeskommune,  
Prosjektilskot: Kunst og kultur – profesjonell**

**Søknad om stønad til produksjon og framføring av konsertforestillinga «Kulla».**

Mitt namn er Thea Hjelmeland, eg er 30år gamal frå Førde og arbeider som artist, musikar, komponist, tekstforfattar, produsent og arbeider tverrfagleg i ulike kunstfelt. Eg har hatt mitt virke i over 10 år og har turnert med eige musikk i Noreg og utlandet sidan tenåra. Eg har gitt ut to album, derav det siste mottok Spellemannpris for beste «Indie» album. Eg produserar og komponerar musikk for teater, dans og film i tillegg til mi eiga artistkarriere og har også vore skodespelar i teaterstykke og produsert fleire musikkvideoar.

For tida held eg på å produsere mitt tredje album og arbeider med kunstnarleg utvikling av live-konseptet for dette albumet. Eg har valgt å kalle det ei konsertforestilling og dette er prosjektet eg søker til dykk om. Då produksjonen produserast i Bergen og vil spelast i heile landet, og skal turnere internasjonalt vil eg understreke at eg søker til dykk fordi dette er ein stor og viktig produksjon som løfter karriera mi til eit nytt nivå nasjonalt og internasjonalt.

**Kort beskriving «Kulla» (arbeidstittel)**

Eg ønskjer å skape ei forestilling som representerer mitt live-format ved utgjeving av mitt tredje album. Eg går ut av eit, etter mi oppleving, einsidig konsertformat, men musikken og tekstane ligg som grunnfundament gjennom forestillinga. Eg vil i samarbeid med sterke dansekunstnarar, musikarar, scenekunstnarar og teknikarar produsere ei forstilling som blander element frå dans, teater, musikk, film og visuelt. På bakgrunn av gode samarbeid med prosjekt innan dans, teater og film dei siste åra, parallellt med eigen artistkarriere, er eg inspirert og motivert til å lage eit eige konsept og har nye verktøy og erfaringar å skape eit fritt kunstnarleg spelerom med.

## **KULLA av og med Thea Hjelmeland**

### **Kva:**

- Konsertforestillinga «Kulla» av og med Thea Hjelmeland
- Basert på album-materiale til Hjelmeland sitt tredje soloalbum, musikk, tekst og visuelt konsept
- 4-6 forestillingar i Noreg februar/mars 2018, med turné nasjonalt og internasjonalt i 2018 og 2019, samt festivalar.

**Kven:** Artisten Thea Hjelmeland, 5-8 musikarar, 3-5 dansekunstnarar, koreograf, dramaturg, scenograf og kostymedesigner, lysdesigner, lyddesigner

### **Når:**

- Veke 42 // Første prøveperiode
- 27.okt // BIT Teatergarasjen, Bergen // utprøving av prosjektet / work-in-progress
- Intensjonsavtalar med desse spelestadane for datoar i februar og mars 2018:
- Vulkan Arena, Oslo
- Stavanger Konserthus
- Førdehuset, eller Larris Scene, Førde
- Logen Teater eller USF Verftet, Bergen

### **Intensjonsavtale framsyning Internasjonalt:**

- Frankrike, Paris, NØ Festival, april 2018
- Indonesia, Bonang World Music Festival, juli 2018.
- Frankrike, Caen, Festival les Boréales, november 2018.
- Cuba, Havana World Music Festival, mars 2019

## **MEDVERKANDE**

- Thea Hjelmeland Artist, kunstnarleg ansvarleg, regissør.  
Musikk: Komponist og tekstforfattar, vokal, dans, instrumenter: strengeinstrument, tangenter, elektronikk, perkusjon,
- Hege Haagenrud Koreograf
- Miriam Prestøy Lie Dramaturg / Ytre kunstnarlege auge
- André Trebbi, BrighGroup, Lydteknisk ansvarleg, Turné og Produksjon
- Kyrre Heldal Karlsen: Lysdesign
- Dagny Drage Kleiva: Scenografi og kostymedesign
- Chris Holm Musikar (bass, synth, kor)
- Ivar Thormodsæter Musikar (slagverk)
- Matias Tellez Musikar (gitar, synth, mac)
- Sunniva Rødland Wettre Musikar (harpe)
- Øystein Moen synth
- muskar Blåseinstrument og elektronikk
- Irene V Theisen Dans, vokal
- Guro Rimeslåtten Dans,
- Mariama Slåttøy Dans
- Ole Martin Meland Dans
- Marianne Kjærund Dans
- Lillian Santos Herberg Produsent / Inspisient / Administrativt
- Monica Santos Herberg Produsent / Administrativt

## FRAMDRIFTSPLAN

### Produksjon, 2017:

Veke 37 Prøvedagar Oslo med koreograf  
Veke 42 Prøveveke med koreograf, lys og to musikarar  
27.okt uttseting BIT Teatergarasjen / Meteor festivalen

### 2018

Januar / Februar 2-3 prøveveker  
Januar søkt show case Eurosonic festival, Nederland  
Februar / Mars 4-6 forestillingar

### Livet etterpå, 2018/2019:

- «Kulla» er live-konseptet som følgjer plateutgjevinga og vil vere stedfortreder for konsertar på turné. Ein platesyklus med turné kan vare frå 1 til 3 år.
- Turné i Noreg og internasjonalt 2018-2020, innandørs-turnéar og festivalar.
- Forestillinga skal etterkvart utviklast til å ha éin innandørs-versjon og éin utandørs-versjon til festivalmarknaden. Ønsket er å kome festivalar i møte med alternative løysingar for å bevare grunnkjerna i forestillinga; behov for mørke/lys, publikumskommunikasjon, stillhet i område under speling, lokaler som telt eller liknande.

Dette er ikkje eit enkeltstående prosjekt, men live-formidlinga av artisten sin musikk og del av eit heilheitleg kunstnarleg prosjekt. Difor vil denne forestillinga ha ei lengre levetid og det er fleire faktorar som album, videoar, og ny musikk som vil vidareutvikle dette konseptet til å vare lengre.

## **PROSJEKTBEKRIVING // Kunstnarleg innhald og målsetjing:**

Eg skal skape ei konsertforestilling som representerer mitt heilheitlege kunstnarlege uttrykk der alle kunstformene eg ønskjer å arbeide med inkluderast i eitt og same uttrykk. Eg er i hovudsak musikkartist og grunnlaget for det kunstnarlege innhaldet er musikken min og tekstane mine. Saman med andre kunstnarlege medverkande som er sterke innan sine fagfelt, skal vi smelte saman fleire element til eitt sterkt uttrykk der hovudbodskapet vil snakke om eksistensielle spørsmål og utfordre publikum til rolla som passiv eller aktiv deltakar. Dette for å skape refleksjonar rundt rolla som den passive tilskodaren og kva konsekvens dette har i ein sosial setting. Eg meiner ein av dei største samfunnstruslane mennesket står over for no er den passive tilskodar-rolla, og eg vil nytte dette som tema for å belyse konsekvensane av ansvarsfråskriving og skape refleksjon rundt aktive og passive valg og forhåpentleg vis ei positiv endring i samfunnet.

Eg har dei siste åra fått arbeide innan ulike teater- og danseproduksjonar og komponert musikk for film. Eg har arbeidd på Den Nationale Scene, Sogn & Fjordane Teater, Det Norske Teatret og samarbeidd med Carte Blanche i tillegg til eiga artistkarriere. Dette har gitt meg meirsmak til å bruke mitt fulle kunstnarlege potensiale og ikkje begrense meg til utelukkande konsertartist, men sjølv setje rammene for kva den kunstnarlege presentasjonen av musikken skal vere. Eg vil med denne oppsetjinga bryte dei vanlege rammene for ein konsert og også bryte publikum si forventning i kva dei skal oppleve, og spele på denne kommunikasjonen. Eg er ein sterk formidlar og har god og nær kontakt med publikum, og no ønskjer eg å ta dette eit nytt steg for å utvikle live-formatet og i publikumsutviking.

### **Musikken, lyd og tekstmateriale**

Musikk og tekst vil vere utelukkande frå Thea Hjelmeland sitt komande album, og mogleg meir utgjeve materiale. Musikken skil seg frå tidlegare uttrykk og tekstane har sitt eige landskap. Musikken vil innehalde store spennvidder i sjanger-referansar og dynamikk, og kjensler.

### **Koreografi**

Koreograf er Hege Haagenrud. Koreografien vil følgje innhaldet som heilheit og vere ei forlenging av tekst og musikk i ein avbalansert symbiose. Hege Haagenrud har god erfaring med tekst som grunnlag for røyrle og vi vil eksperimentere i uttrykket og artisten vil sjølv vere inkludert i koreografien som dansar. Dansarane vil også vere deltakande musikalsk.

### **Lysdesign**

Kyrre Heldal Karlsen står for lysdesignet som utarbeidast i samspel med den kunstnarlege prosessen

### **Scenografi**

Scenograf og kostymedesigner Dagny Drage Kleiva skal skape ulike rom i rommet ved hjelp av tekstilar og vil i samspel med lys kunne ha stor variasjon ut i frå enkle visuelle grep. Materialet skal vere turnévenleg tekstil.

### **Kostyme**

Musikarane og dansarane skal i det totale visuelle biletet kunne vere éi masse, og kostymet vil difor samsvare i snitt og mogleg fargekombinasjonar, alle kostyma vil ha nokre variasjonsmoglegheiter for å følgje og drive den visuelle dramturgiske framdrifta.

*Eg ber om at søknaden unntakast frå offentleglova og at innhaldet i denne søknaden haldast konfidensiell fram til forestillingane har byrja. Dette for å bevare det kunstnarlege innhaldet og åndsverket. På førehand takk.*

**Thea Hjelmeland (sign.) // Bergen / 010917**